

Stegsvatnet er ein del av den maksimale utbygginga av Nausta i kategori I i Samla Plan. Men som alternativ er ei separat utbygging frå Stegsvatnet og ned mot Jølster plassert i kategori II, dvs prosjekt som ein ikkje kan søkje konsesjon på enno. I prosjektet var det rekna med at Vassvendevatnet skal overførast til Kupevatnet ved hjelp av ein kanal, og derifrå vidare ned i magasin i Stegsvatnet som var planlagt med 1 m oppdemming og 10 m senking.

2.2.3. Friluftsliv

Fylkesdelplan for friluftsliv

I Fylkesdelplanen (1995) Del II er Naustdal/Gjengedalsområdet utpeikt som eit nasjonalt og regionalt område for utøving av friluftsliv, dvs eit område som er viktige for store brukargrupper og der det ikkje er ønskeleg med aktivitetar som reduserer høve til å utøve tradisjonelt friluftsliv. Planen viser ikkje absolutt avgrensing, så det er kommunane som må fastsette dei detaljerte grensene gjennom sine planar. Kraftutbygging, hyttebygging og intensive reiselivstiltak vil vere konfliktfylt i store delar av området i høve til friluftsliv.

Friluftsliv er lite i konflikt med tradisjonell næringsdrift i landbruket.

Turområda.

Heile planområdet er mykje brukt til friluftsliv, ved turgåing sommar og vinter, fiske, jakt, bærplukking, og til dels bading. Det aller meste er dagsturar, men dei mange stølane og Turlaget si hytte ved Inste Langevatn gir også gode høve til overnattingsturar. Det er mange måtar å kome seg inn i dette fjellområdet på, men 8 innfallsportar peikar seg særskild ut:

1. Nes - Vonavatn i Naustdal
2. Gjengedal - Storevatn i Gloppen
3. Langedalen i Gloppen
4. Rygg - Traudalen i Gloppen
5. Fitjedalen i Gloppen
6. Eimhjellen - Rombergvatn i Gloppen
7. Årdal - Legestøylen i Jølster
8. Ålhus - Gotdalen i Jølster

Familieturane (korte fjellturar) er i stor grad avhengig av veg fram til bruksområdet, og dei mest aktuelle er derfor:

1. Terrenget kring Vonavatnet og Stølsvatnet i Naustdal.
2. Området kring Dalevatnet og Storevatnet i Gjengedalen.
3. Langedalen med Fitjestølen.
4. Legestølen til Stegsvatnet og Kupevatnet.
5. Angedalen i Førde
6. Helgheimsdalen i Jølster

Desse innfallsportane og dei mest brukte turrutene sommar og vinter er vist på temakart 5.

2.2.4. Andre brukarinteresser.

Forsvaret.

Heimevernsavdelinga HV10 held til på Skei i Jølster og i kommuneplanen er det sett av eit skyte- og øvingsområde i Helgheimsdalen. Fjordane Regiment har militært lager i Nedrebødalen i Jølster, og leiger også eit mindre område for skarpskyting og øving i det same området.

Alpinanlegg.

I ei fråsegn frå 4 grunneigarar på Rygg i Gloppen er det nemnt at Traudalen har unike naturgejevne forhold for skitrekk, men så vidt vi kjenner til ligg det ikkje føre konkrete utbyggingsplanar.